





# SUNNHORDLAND MARITIME INDUSTRIMUSEUM








Det er ein sein haustdag på slutten av 1800-talet. Nordavinden byggjer opp store bølgjer i Fitjarøyane. Haldor Haldorsen frå Rubbestadneset ror det han maktar medan regnet piskar mot sydvesten og oljefrakken. Motstraumen er nådelaus. Dei kraftige hendene grip hardt rundt treårane. Det er framleis to nautiske mil til Brandasund. I dette veret kan det fort ta fleire timer. Mørket sig på. Berre det flakkande lyset frå Slåtterøy bryt opp den svarte himmelen. Heilt utslitен slår Haldor eit dobbelt halvstikk rundt fortøyingspålen. Det er ikkje noko meining i dette tenker han i det han kryp opp på kaien. Det må då finnast alternativ?

Nokre år seinare, i 1903, har han med hjelp av far og læremester Martines bygd sin første motor. Slik starta industri- og teknologieventyret på Rubben.


Eit hundreår seinare vert nokre av verdas mest miljøvenlege framdriftssystem utvikla på same stad. På Kjøtteinen held Kværner hus. Sildolje og skipsbygging er bytt ut med produksjon av topp moderne olje- og gassplattformer. Ved Apply Leirvik byggjer dei hotell i særklasse – bustadkvarter i aluminium. Og på Fitjar og på Leirvik designar Wärtsilä Ship Design, Salt Ship Design og Eker Sandvik nokre av framtidas mest spennande farty. Den maritime historia i Sunnhordland held fram!





«Regionen Sunnhordland har det siste hundreåret opplevd ei rivande industriutvikling innan den mekaniske skips- og offshoreindustrien. På dette feltet ligg store oppgåver innan dokumentasjon og formidling»

Frå «Musea i samfunnet», Regional plan for museum, Hordaland fylkeskommune 2013 - 2015.




# Visjon

for eit framtidig: Sunnhordland maritime industrimuseum – **SMI**

## Oppdrag:

- **SMI** skal ha som si viktigaste oppgåve å **syna den maritime industriutviklinga i regionen** og korleis denne har verka inn på regionen si samfunnsmessige utvikling og folk sine levekår.
- **SMI** skal driva **innsamling, dokumentasjon og forvaltning** av gjenstandar, foto, film og person-intervju knytt til regionen si maritime industrielle soge. Hovudvekta skal liggja på utviklinga av **sildeolje- og hermetikkindustrien, lokal motorproduksjon, skipsbygging og skipsdesign, leverandør- og offshoreindustrien, og samferdsle** i det 19. og 20. hundreåret.
- Gjennom kunnskap om den nære fortida skal **SMI** freista å gje innbyggjarane i regionen **forankring i ei omskifteleg tid**. Det skal skapast forståing for korleis endringsprosessar innan industrien har prega både fortida og vår eigen kvardag.
- **SMI** skal vera ein **regional møtestad** og eit **museumsfaglig kompetansesenter** i Sunnhordland innan industriell maritim **historieformidling** og **samlingsforvaltning**.



### **Formidling:**

- SMI skal vera eit **ope og tilgjengeleg museum**, med fokus på **kunnskap, oppleving og deltaking** i all si formidling og utstillingsproduksjon.

### **Besøkande og målgruppe:**


- SMI skal vera ein regional møtestad der all formidling blir tilrettelagt eit **breitt og samansett publikum**. Dei primære målgruppene for museet er: innbyggjarane i Sunnhordland frå skulebarn til vaksne.
- SMI skal utviklast til eit sterkt **merkenamn med høg attraksjonsverdi** både regionalt og nasjonalt.

### **Lokalt engasjement:**

- SMI vil halda fram godt samarbeid med **stiftinga Stord maritime museum** og **Venelaget for Stord maritime museum**.
- SMI vil vedlikehalda og forbetra samarbeidet med **frivillige lag- og organisasjonar** i heile regionen på det industrielle maritime feltet.
- SMI skal vera ein **regional møtestad** for frivillige lag- og organisasjonar som arbeider med maritim industrihistorie.

### **Lokalisering:**

- SMI skal vera **lokalisert sjønært** sentralt i Stord kommune.



# Strategiske mål

i etableringsfasen av SMI, Sunnhordland maritime industrimuseum:

Mål 1: **SMI skal ha ei langsiktig lokalisering og ein sunn økonomi.** Dette skal ein gjere ved å:

- Arbeida medvite i styret for Sunnhordland museum og Stord kommune for å finna ei god lokalisering av museet.
- Styrkja samhandling med offentlege aktørar og næringsliv for å få på plass ei langsiktig finansiering.


Mål 2: **SMI skal ha ein klar og tydeleg profil.** Dette skal ein gjera ved å:

- Spissa museet si formidling og tematiske profil.
- Styrkja samhandling med aktuelle kompetansemiljø og aktørar som kan støtte opp under utviklinga og foredlinga av den tematiske profilen.
- Arbeida for at all innsamling og formidling i museet støttar opp om den tematiske profilen.
- Arbeida for å få på plass ein ny stilling ved Sunnhordland museum knytt til formidling av maritim industrihistorie innan 2017.

Mål 3: **SMI skal ha eit avklara og konstruktivt forhold til stiftinga Stord maritime museum.**

Dette skal ein gjera ved å:

- Sei opp og reforhandla samarbeidsavtalen med stiftinga Stord maritime museum.
- Få på plass ein ny avtale der Stiftinga Stord maritime museum og Sunnhordland museum, og Venelaget for Stord maritime museum, har tydelig definerte oppgåve og ansavrsområde.



*SMI skal synleggjera det som var og det som er. Roturen til Haldor Haldorsen  
er historie, men den maritime industrihistoria i Sunnhordland held fram!*



**SMI – SUNNHORDLAND MARITIME INDUSTRIMUSEUM**

**Sunnhordland museum**

Postboks 51, 5401 Stord

Telefon: 53 41 38 99

[www.sunnhordland.museum.no](http://www.sunnhordland.museum.no)